



## Årsmelding innebandygruppa

2019 har vore eit positivt år for Innebandygruppa. Herrelaget avslutta sesongen i vår på andreplass og var med det imponerte over eigen innsats. Etter litt rådslaging vart det bestemt at me skulle ta eit teknisk opprykk og spele i 3. divisjon frå oktober av. I tillegg bestemte me oss for å melde på enno eit herrelag, me var såpass mange at det var behov for to lag å spele på.

For førstelaget starta det veldig bra, med 4 singlar på rad. Euforien var stor og me var uovervinnelege. Etter dette jamna det seg litt ut, me kom ned på jorda igjen og resultat og spel varierte i større grad. I skrivande stund har me likevel alt i eigne hender og kan med singlar i dei siste tre kampane vinne 3. divisjon. Me skal ofre alt og køyre på for å klare det!

For andrelaget sin del starta det litt meir varierende. Her var det mange nye spelarar som ikkje hadde spelt organisert før og kampane bar litt preg av dette. Etter kvart som fleire og fleire har kome inn i kampmodusen har spelet blitt merkbar betre og resultatata deretter. Når dette blir skrivne leiar me 4. divisjon og har svært solide moglegheiter for å avslutte sesongen på topp.

Det er ikkje berre på herrefronten me har utvida. Ved påsketider var det ei ungdomsgruppe som var gira på å starte med innebandy. Me hadde snakka litt om å starte dette opp etter sommaren, men sidan interessen var der allereie så sette me i gang med treningar med ei gong. Denne gruppa har vakse jamt og trutt og har hatt to treningar i veka denne sesongen. Planen vår var å berre trene og ikkje spele kampar denne sesongen, men då Lye IL mangla nokre spelarar for å ikkje måtte trekke laget sitt, tok me kontakt og spurte om nokre av våre spelarar kunne vere med og spele kampar. Med det fekk eit lite knippe gutar sin debut i seriespel. Stor stas!

I august starta me òg opp med 1.-4.- og 5.-7. trinnsgupper. Her har det vore ei jamn stigning i nye spelarar og det er enno dei som dukkar opp for første gong. Det er med andre ord berre å kome på trening og sjå om dette er noko som kan passe deg eller ditt barn.

1.-4. trinnsgruppa fekk i tillegg vere med på ei miniturnering no nyleg. Ein veldig gild dag for store og små. Me satsar på å få til dette fleire gonger.

I dameavdelinga hadde me noko på gang og hadde faste treningar på fredagskveldane. Dette har dessverre dabba litt av og det er pr. dags dato ikkje nok spelarar til at det vert gjennomført trening. Har du lyst til å vere med, ta kontakt!



**Nærbø Idrettslag**

Torlandsveien 10  
4365 Nærbø

T 51 79 11 50

F 51 79 11 51

post@narboil.no

www.narboil.no

Org.nr: NO 971023724

Me har etter 1,5 års eksistens no vorte ca. 90 medlemmar, me har spelarar som har dommarutdanna seg og me har kjøpt eit nytt vant som me har ståande i Loen. Me kan altså arrangere kampar og treningar både i Loen og på Bø. Alt ligg til rette for at medlemstalet skal fortsetje og stige.

MVH

Viktor Andersson

Med vennlig hilsen

Nærbø Idrettslag

Følg Nærbø IL på Facebook - [klikk her](#)

T: 51 79 11 50 | [www.narboil.no](http://www.narboil.no)



**Nærbo Idrettslag**

Torlandsveien 10  
4365 Nærbo

T 51 79 11 50

F 51 79 11 51

post@narboil.no

www.narboil.no

Org.nr: NO 971023724

